

NORSK ETNOLOGISK GRANSKING

Emnenr. 23

Fylke: Rogaland

Tilleggsspørsmål nr.

Herad: Bjerkreim

Emne: Bordskikk til hverdags

Bygdelag: Nedre bygda

Oppskr. av: Jørgen Skjæveland

Gard:

(adresse): Vikeri

G.nr.

Br.nr.

A. Merk av om oppskrifta er etter eiga røynsle.

B. Eller om den er etter andre heimelsmenn: (ta også med alder, heimstad, yrke):

Anna Skjæveland, Bjerkreim, 79 år gammel.

SVAR

Disse bordskikkane er for omlag 50 år sidan.

1. I eldre tid kokte dei i grøva i kjøkken og åt alltid inne i stova. Dei sat med langbordet. No et mange i kjøkken. Gjester et inne i stova.

2. Heile huslyden sat ved same bordet, og det er òlmen skikk ennå.

3. Husbondsfolka og tenarar har alltid ete ved same bordet og gjer det ennå.

4. Difor åt dei av same maten.

5. No et, som sagt, dei fleste på kjøkken til kvardags, serleg om sünaren.

6. Ved gjestetod, selskap et gjestene og husfolka inne i stova. Husmora, tenarar og borna et gjerne etter på ved same bordet eller dei et i kjøkken. Dette er berre når ein har så mange gjester at det ikkje er plass for alle med ein gong ved same bordet.

7. Ein hadde sine faste plasser ved bordet. Mannfolka sat helst innåt veggen, kvinnfolka framfor bordet.

8. Det har aldri før vore skikk at borna

stod når dei åt.

9.

Bystryggen på huset

Högsete

Högset-kråna

Langbord

Forsete.



mot døra.

Strandside av huset
Glasbordbenken

Vindluke

Husbonden sat i högsete (uttale: höggsēda)
Bordet stod i högsete-kråna. Husbonden sat i
kråna ved veggē med andletet fram mot
stova og døra, på fast benk. (Benken var spikra
fast i veggē). Dei andre mennene sat ved
side. Kvinnene og barna sat på forsetet
(försēda) med ryggen mot døra. Forsetet
var ein laus benk.

10. Hedersplassen no er midt ^{fram for} på bordet
med ryggen mot veggē og andletet mot
døra.

11. Ein var aldri nøye med å vaska
hendene för sin åt. Og dei gjer det til
dels ikkje no heller ved vanleg gjerds-
arbeid. I sær tilfelle, etter jordepl-
henting, hevdakjøring og slikt skite arbeid,
vaskar dei hendene. Mannfolka tok alltid
av seg hiwa för dei gjekk til lods.
Kvinnene sat alltid för med hovdaplazget,
knytt under haka.

5074

12. Når dei åt graut, stod grautfatet (græda-fade) midt på bordet, og så sat dei kring-
 om med kvar si skei og med kvar sin
 skåvar (= lang heskål) s' heskål eller
 sidan steinbyskål-med rår mjølk, tok
 grauten or same ^{si helv skei} fatet, dippe skeia i
 mjølka og åt. Slik åt dei jamvel
 grynegraut i brudlaup for 50 år sidan.
 No får kvar mann ein tallerk dei aiser
 graut oppi. Summe slær mjølk på grauten.
 Andre drikk mjølk or koppen attåt.

13. Grauten helte dei i fat og sette på
 bordet. Men steikt kjøt, fisk og pølser
 sette dei berre panna på bordet. ~~Men~~
 Dei heldt feitet seg lenger varmt. Når
 det no kjem framande vert det servert
 finare, med kjøtet på tallerk.

14. I eldre tid åt dei alltid "bede" til
 middag. Dei klinte jordeple på ein
 flatbrødleivs-bede, braut han saman, la
 kjøt eller fisk mellom og åt. Si drakk
 dei suppa attåt. Summe eldre folk et
 enno slik.

15. Om dette vart vanleg gjort, kjenner eg
 ikkje til

16. Når dei gav ein kaffi, slo dei oppi
 så mykje at det raun over koppen og
 fylte tasinen (skåle under) au. Difor
 drakk dei alltid av tasinen, kaffien
 kjølna fortare der. Skulle
 det vera fint, heldt dei
 tasinena på tri fingrar når
 dei drakk. Kaffien vart alltid servert
 kokande varm med litt fløyte i.



1702

17. For 50 år sidan hadde ingen gaffel

på landsbygda. Jamvel i brudløypa åt dei med bordkniven. Då så gaffelen kom i bruk, var det mange som heldt i maten med gaffelen når dei skar han stund og så la dei maten på knivsodden og åt.

18. Eg har ikkje høyrte tale om at dei ~~ikkje~~ hadde same kniven kvar gong dei åt.

19. Som regel hadde dei ikkje kvar si skei. Når dei hadde ete, henta kona eller gjenta ~~i~~ tvøgo (vaskefille) i kjøkken, turka av skeiene utan å vaske dei og la dei ned i bordskuffa inne. I eldre tid hadde dei skeier av tre og horn, sidan fekk dei blikkskeier.

Sylvskeier vart berre brukte til høgtid.

20. Det er lenge sidan (ca 100 år) dei tok til med steinby. Før i næraste byen, Eggersvund, kunne dei gå kjøpa steinby frå fajansefabrikken, føre den tida hadde dei skåverar og treskåler. Lenge etter den tida åt dei av same grøntfat.

21. Dei hadde aldri bordduk. For 50 år sidan hadde dei heller ikkje i brudløypa. No brukar ein alltid bordduk til høgtid og når gjester får mat. Dei tek alltid bordduken bort mellom kvart måltid anna enn i brudløypa og likferd.

22. I eldre tid kvitvaskte dei bordet. Så fekk dei seg voksduk. No brukast voksduk på kjøkkenbordet. Sidan fekk dei lin- eller bomullsduk som vert brukte til gjester og høgtide.

23. Før stod husmora ved bordet og delt ut maten.

24. For 70-80 år sidan var det berre smør

og kjøt ho rasjonerte. Brød og jordepale kunne dei få eta det dei ville, i allfall i rikare huslydar. For hidsmenn var det trøngare rasjonering.

25. Ein rekna helst med at kvinnene trøng mindre mat enn mennene.

26. På dette kan me ikkje svare anna enn at borna får ta til si greia seg med bordet så snart dei kan. Korleis det var tidlegare kan eg ikkje svare noko på.

27. I eldre tid var det vanleg at dei togg maten for små born. Det gjorde dei visstnok i alle heimar. Dei tögga, kaltest det. Denne skikken har halde seg til kring 40 år sidan.

28. I mange kristlege heimar let dei ein av borna lesa høgt for maten, og så tek alle til si eta med ein gong. I andre heimar tek dei til si eta med same dei set seg til bords og giv fri bordet til kvart dei er ferdige. Men når det kjem framande, har dei finere bordskikk og les stilt for maten før og etter måltida.

29. Det viser seg at i sume heimar held dei på den skikken at dei ikkje skal snakka med dei et. I tilfelle er det berre litt roly smakk av dei eldste.

30. Ljau og lätt ved bordet er ikkje høvleg.

31. Ein skulle ikkje syngja ved bordet anna enn eit bordvers ved likferd. Me har eit ordtök: "Me visste ikkje at mannen var galen for han song

med bordet."

32. Før var det visstnok så at alle skulle gå fri
bordet med ein gang.

33. Dei sa aldri "takke for maten" heime.

34. Kom det framande inn med dei eit, sa
han: "Sigue maten" eller "Velleskomeu."

35. Og dersom dei ikkje var komne for langt
i måltida, skulle den framande au gå
mat med det same.

36. Kom det framande mellom måltida
fekk han alltid mat.

37. Og då bar dei alltid fram god mat, og
mykje mat av mange slag så det ikkje
skulle visa at han hadde ete. Berre
fantane fekk simplere mat.

38. Alltid skulle den framande ha ein
sers sterk "kaffidroppe". Men kjelen stod hekk
kji på elden til alle tider. No skal dei au
gå kaffi, serleg når det er kjende framande.

39. Sers kjende folk som går mat et saman
med dei andre i huset. Heilt framande vyde
folk vert dekkja for for seg sjölv ved bordet
inne i stova. I rime tilfalle vert husfaren
med til bords når det serleg er han den
framande vil reka.

40. Før skulle dei vera "tråbedne" til bords.
Dei måtte bede han fleire gonger og helst
ta han lengjeleg i skotet armen og skiva
han til bords.

41. Når han så sat og åt, skulle ikkje hus-
folka sjå etter når han åt, men helst snü
seg halvvegs i fri så den framande skulle gå
forsyng seg i fred. Men inn i mellom kom
kona og fyllte koppen hans på nytt, skiva
fram til han det sine matfakt etter det andre
og nöydde han til eta meir.